

Moglegheiter for alle

Sveio Høgre

Valprogram

2023–2027

Sveio Høgre



Kjære veljar,

Sveio treng eit skifte. Høgre går til val på å ta leiarskap, med trygg økonomisk styring, gode forutsigbare løysingar for innbyggjarar, bedrifter og lokalsamfunn. Me skal vera ein JA-kommune som støttar opp om nye initiativ, utvikling og verdiskaping som vil gjera kommunen vår til ein attraktiv og god plass å bu. Me ynskjer at ein skal våga å vera litt annleis ved å tilby løysingar som ein ikkje finn i nærliggande kommunar.

Ditt val – ingen kumulerte

Ved førehandskumulering tek ein i frå mykje av veljarane sin muligheit til å påverka kva for nokre kandidatar som skal få plass i kommunestyret.

Difor finn du ingen kumulerte på Sveio Høgre si liste. Me vil at nettopp du skal velja kven som skal representera deg i neste kommunestyreperiode.

Ditt val, du bestemmer!

Innhald

Ein god start på livet

Side 3-5

Hjelp når du treng det

Side 6-9

Busetnad, samfersle og infrastruktur

Side 10-12

Ein meningsfull kvardag for alle

Side 13-14

Kultur, idrett og frivilligheit

Side 15-16

Næringsutvikling

Side 17-18

Klima og miljø

Side 19-20

1 Ein god start på livet

Barnehage og SFO

Barnehagen skal vera ein omsorgsarena, ein stad for leik og læring, der god kvalitet vert særleg vektlagt. Tidleg innsats startar i barnehagane, Sveio Høgre ynskjer difor å styrka bemanninga for å sikra dei minste ein god start. For oss er mangfald og god kvalitet viktigare enn kven som står for tilbodet.

Me meiner skulefritidsordninga må utviklast slik at den er tenleg for ulike familiemønster der til dømes mor og far er i jobb. Ved å prioritera samordning og fornuftig bruk av ressursar i barnehage og skule, skal me finna gode løysingar for familien.

Sveio Høgre ynskjer eit desentralisert og aktivt SFO, gjerne i samarbeid med lag og organisasjonar som kan tilby idrett eller annan aktivitet.



1 Ein god start på livet

Grunnskulen

Sveioskulen skal bli den beste i landet. Elevane skal få moglegheit til å løftast opp frå det nivået dei er på, difor er det viktig å styrke kvaliteten slik at elevane får eit endå betre grunnlag for å lukkast.

Sveio Høgre går inn for å vidareføra skulestrukturen slik den er i dag. Skulen er viktig som sosial arena og for at elevane skal få moglegheit til å kunne leva gode liv. Å vera trygg på framtida i skulestrukturen er viktig for å oppretthalda kompetansenivå og kvalitet i skulane, samstundes som det er eit viktig grunnlag for positiv utvikling i fleire delar av kommunen.

Sveio Høgre ynskjer at våre born og unge skal oppleva trivsel og meistring på skulen. Det er difor viktig at ein fangar opp utfordringar elevane må ha, før dei veks seg store og krevjande. Me ynskjer difor å jobba for at Sveioskulen skal ha tilgang på sosialfagleg kompetanse.



1 Ein god start på livet

Sveio Høgre vil:

- Jobba for å auka kvaliteten, og redusera sjukefråværet i barnehage, skule og omsorgssektoren. Me vil sjå på eit prosjekt der ein ynskjer å auka grunnbemanninga i til dømes barnehagane.
- Sikra mangfald i barnehagetilbodet, og likehandsama private og offentlege barnehagar
- Sikra framleis full barnehagedekning i kommunen
- Sikra tilbod om skulefritidsordning i sommarferien, gjerne i samarbeid med frivillige organisasjonar
- Prioritera ekstra innsats innanfor grunnleggande ferdigheiter, slik at alle skal kunne lesa, skriva og rekna når dei går ut av skulen
- Oppretthalda dagens skulestruktur
- Jobba for at Sveioskulen får tilgang på sosialfagleg kompetanse
- Forsterka innsatsen mot mobbing, vald, trakassering og diskriminering i skule og barnehage.
- Satsa på læraren som den viktigaste innsatsfaktoren i skulen
- Halda fram med å tilby etter- og vidareutdanning til lærarar
- Satsa på IKT-utstyr og læremiddel, og sørge for naudsynt oppgradering og vedlikehald av dette
- Sikra at elevane framleis har tilgang til fysiske lærebøker, i tillegg til digitale læremiddel
- Sikra og styrke ei forsvarleg bruk av PPT



2 Hjelp når du treng det

Helsetenester

Det blir stadig fleire eldre i Noreg, noko som vil skape eit press på helse- og omsorgssektoren. Dette stiller ekstra krav til norske kommunar som skal yte helse og omsorgstenester til sine innbyggjarar.

Alle innbyggjarar i Sveio kommune skal vera sikra gode helsetenester innan somatikk, psykiatri og rusomsorg.

For å sikra tilgang på helsepersonell er det viktig at Sveio kommune har konkurransedyktige vilkår, og såleis er ein attraktiv arbeidsgjevar.



2 Hjelp når du treng det

Eldreomsorg

Det skal vera trygt og godt å bli eldre i Sveio. Dette krev at Sveio kommune må ha eit auka fokus på eldreomsorga og forhold som er viktige for ei aldrande befolkning. Dei fleste eldre ynskjer å bu heime så lenge som mogleg, og kommunen må på alle plan leggje til rette for at dette kan skje. Dei som treng omsorgsplass skal få tilbod om dette. Innhaldet i tenestene skal vere gode, og brukarane samt deira pårørande sine ynskjer skal så langt som mogleg imøtekomast.

Sveio Høgre har ei klar målsetjing om at alle eldre skal ha eige rom eller eigen bustad og kan føla seg trygge i kvardagen. Sveio Høgre ynskjer auka fokus på kvalitet og valfridom innan eldreomsorga og vil av den grunn opna opp for private aktørar. Det viktigaste for oss er at kvaliteten på tenestene er gode, ikkje kven som levera tenestene.

Me i Sveio Høgre ynskjer å innføra sambuargaranti i eldreomsorga. Ein ynskjer å leggja til rette for at ektefelle eller sambuar som ikkje fyller kriteria til sjukeheims plass, likevel kan leiga seg inn saman med den som treng langtidsopphald. Me ynskjer med dette å ta vare på kjærleiken mellom dei eldre. Når ein har budd saman eit langt liv, har ein ei von om at det skal vara til døden – ikkje kommunen – skil ein ad.




2 Hjelp når du treng det

Psykisk helse

Altfor mange menneske vert råka av psykisk sjukdom og får ikkje hjelp når ein treng det. Kommunane har ansvar for behandling av lette til moderate psykiske plager. Då må me setja av ressursar til dette, for å unngå at menneske får eit livslangt utanforskap frå samfunnet. Me lyt difor snu kvar ein stein for å søkja løysingar som gjev resultat.

For Sveio Høgre er det viktig at ein sikrar innbyggjarane i kommunen gode tilbod innan psykisk helse. Ein ynskjer også støtta gjennomføring av aktivitetar som frivillige og ideelle organisasjonar tilbyr for å hindre einsemd og psykisk u-helse.



2 Hjelp når du treng det

Sveio Høgre vil:

- Sikra tilgang til gode helsetenester for alle innbygarane
- Sikra at kommunen er konkurransedyktig med både for noverande tilsette, og for rekruttering av nytt helsepersonell
- Styrka skulehelsetenesta for alle elevar i kommunen
- Leggja til rette for at eldre kan bu heime så lenge som mogleg
- Styrka investeringane i velferdsteknologi
- Samarbeid med frivillige for å førebyggja og redusera einsemd, inaktivitet, og fare for underernæring hos heimebuande eldre
- Sikra at kommunen har nok seniorbustader og omsorgsplassar for ei aukande gruppe eldre i heile kommunen
- Vera positive til etablering av berekraftige seniortun i dei ulike grendene
- Innføra sambuargaranti for at gifte og sambuande kan få bu i lag på omsorgsheimen
- Støtta frivillige organisasjonar som jobbar for å hindre digitalt utanfor-skap, til dømes Seniornett
- Styrka aktivitetstilboda til eldre
- Sikra gode tilbod innan psykisk helse for alle som treng det
- Støtta gjennomføring av aktivitetar som frivillige og ideelle organisasjonar tilbyr for å hindre einsemd og psykisk u-helse



3 Busetnad, samfersle og infrastruktur

Bustadtomter

Sveio Høgre ynskjer å arbeida for å stimulera til folketalsauke, utvikling og vekst. Me ser det difor som viktig å ha fokus på attraktive bustadområde, sikker veg, og eit godt tilpassa kollektivtilbod.

Ein må ha tilstrekkeleg med flotte og attraktive bustadtomter. Sveio Høgre ser difor utviklinga av bustadareal som eit næringspolitisk verktøy og vil arbeida for å ha tilgjengelege tomter i alle delar av kommunen. Sveio Høgre vil stimulera til spreidd bustadbygging i den flotte kommunen vår, og meiner at grendene er ein viktig kvalitet for Sveio.

Sveio Høgre vil gje moglegheit til å skilja ut store bustadtomter. Desse må vera så store at ein kan ha moglegheit til å driva med ulike former for fritidssysler, hobby og næring. Hobby og næring kan vere moglegheit for lokal produksjon av alt frå bær, frukt, grønsaker på et minismåbruk, til handverk, tenester og service. Mange søker seg ut frå byane, nettopp for å ha moglegheit til å ha ein hobby, fritidssysler eller drive med lokal produksjon som krev areal.



3 Busetnad, samfersle og infrastruktur

Fritidsbustader, veg og kollektiv

Sveio Høgre vil på eigna stader opne for bygging av fritidsbustader, også til sjø. Me ynskjer at ein skal kunna byggja fritidsbustadar i strandsona, der ein samstundes ivareteke allemannsretten.

Vegstandarden i Sveio må betrast og treng sårt til auka ressursar i åra som kjem. Sveio Høgre vil arbeida aktivt overfor fylkeskommunale og statlege styresmakter for å få offentlege vegmidlar til kommunen vår. Ein vil også arbeide for eit meir aktivt arbeid med å slutføra traseen mellom Sveio sentrum og Buavåg (Tjernagelvegen / FV541).

I arbeidet med ny E39 ynskjer ein å arbeida aktivt for at prosessen med val av trasé vert så effektiv som mogleg. Dette for å gjere tida med bandlagt areal så kort som råd er. Ein må også sikre tilstrekkeleg med avkøyrslar.

Det er ynskje om eit meir tilpassa kollektivtilbod i kommunen. Me i Sveio Høgre ynskjer difor å sjå på moglegheita for eit meir tilpassa kollektivtilbod, basert på innbyggjarane sine behov.



3 Busetnad, samfersle og infrastruktur

Sveio Høgre vil:

- Satsa på infrastruktur som reiskap for næringsutvikling
- At Sveio sentrum skal vera eit knutepunkt for innbyggjarane i kommunen og eit inkluderande og attraktivt kommunesenter.
- Leggje til rette for bustadbygging utanom byggefelt, for å oppretthalda ein spreidd busetnad
- Skilje ut store bustadtomter som kan gje moglegheit til å drive med ulike former for fritidssysler, hobby og næring.
- Leggja til rette for bustadbygging i takt med folketalsutvikling og kva folk ynskjer seg
- Opna for bygging av fritidsbustader på eigna stader, også til sjø. Me ynskjer at ein skal kunna byggja fritidsbustadar i strandsona, der ein samstundes ivareteke allemannsretten
- Sjå på moglegheita for eit meir tilpassa kollektivtilbod, basert på innbyggjarane sine behov
- Arbeida for ei oppgradering av fylkes- og kommunale vegar med tilhøyrande sykkel- og gangsti, finansiert gjennom Haugalandspakken eller alternativ
- Sjå på moglegheita for etablering av turstiar som alternativ til sykkel og gangveg
- Sikra at det jobbast aktivt med å slutføra traseen mellom Sveio sentrum og Buavåg
- Arbeida for gul stripa på FV47
- Arbeida aktivt for at prosessen med val av trase for ny E39 vert så effektiv som mogleg. Dette for å gjere tida med bandlagt areal så kort som råd er. Ein må også sikre tilstrekkeleg med avkøyrslar.
- Sikra ein overordna strategi og framdrift i arbeidet med utvikling av Ekrene, både med reguleringsplan for Ekrene vest med ny veg, nytt vegkryss ved Ekrene og ekstra undergang/kulvert ved Rophus
- Vera ein aktiv pådrivar for realisering av ferjefritt E39 gjennom Hordfastprosjektet snarast mogleg
- Sveio Høgre ynskjer å prioritera delar av inntektene frå havbruksfondet, til dei nærmiljø som har akvakultur-anlegg i sitt område

4 Ein meningsfull kvardag for alle

Sveio Høgre er opptekne av at vi får fleire i arbeid. Difor vil vi styrka arbeidet med at fleire personar med hol i CV-en eller som har ein funksjonshemming blir tilsett i Sveio kommune. Dette vil gje ein mangfaldig arbeidsstyrke og bidra til å inkludera personar som ofta står utanfor arbeidsmarknaden.

Sveio Høgre er opptekne av ein integreringspolitikk som får folk ut i arbeid og gir dei eit godt grunnlag for å lære seg norsk. Me meiner integreringsspolitikken må stille krav etter resultat og innsats. Samstundes som kommunen og samfunnet elles bidreg så godt som mogleg for å integrere dei inn i det norske samfunnet.

Sveio kommune skal sikra den einskilde sin rett til å vera seg sjølv. Sveio Høgre vil difor arbeida for at kommunen utarbeider ein mangfaldsplan (LIM-plan; Likestilling, Inkludering og Mangfald). Kunnskap kring mangfald blant anna knytt til kjønn og seksualitet i viktige oppvekstarenaer som til dømes skulen kan styrkast ved å leggja til rette for bruk av program som gjev fagleg bistand og undervisning for dei tilsette i våre skular og barnehagar. Døme på eit slikt program kan vera Rosa Kompetanse.



4 Ein meningsfull kvardag for alle

Sveio Høgre vil:

- Sveio kommune skal leggja til rette for rekruttering av personar med hull i CV-en, og for personar med spesielle utfordringar
- Jobba for å tilby fleire praksisplassar til unge og studentar
- Tilby fleire lærlingplassar
- Oppfordra næringslivet til å være med på ein jobbdugnad med mål om at fleire personar skal komme i arbeid
- Støtta prosjekt som Individuell jobbstøtte og andre prosjekt som arbeider med å få fleire i jobb
- Jobba for at unge ikkje fell permanent utanfor arbeidsmarknaden
- Ta del i ein inkluderingsdugnad med mål om å få fleire i jobb
- Styrka arbeidet med å tilby kveldsundervisning og moglegheit for at innvandrarakar i jobb kan ta norskopplæring utanfor arbeidstida
- Legga til rette for at frivillige organisasjonar og lokalsamfunn blir involvert i integreringa
- Jobba for at alle som kjem til Sveio vert integrert i lokalsamfunnet og tek aktiv del i samfunnslivet
- Sikra at det vert utarbeidd ein mangfaldsplan
- Styrka kunnskap kring mangfald blant anna knytt til kjønn og seksualitet i viktige oppvekstarenaer, til dømes ved bruk av program som Rosa Kompetanse



5 Kultur, idrett og frivilligheit

Frivillige lag og organisasjonar er berebjelken for aktivitetar og gode fritidstilbod i kommunen.

Frivillig innsats har ein eigenverdi i seg sjølv, bidrar til eit rikare lokalsamfunn og er eit viktig supplement til det offentlege. Frivillig innsats i kultur, idrett og friluftsliv skaper eit viktig fritidstilbod til barn, unge og eldre.

Sveio Høgre vil stimulera og støtta dette viktige arbeidet, ikkje overta. Den einskilde si interesse og skaparevne må vera drivkrafta. I Sveio har me mange lag og organisasjonar, og desse må sikrast gode levekår.

Sveio Høgre ynskjer å innføra eit kommunalt fritidskort til born og unge mellom 6 og 18 år. Me ynskjer at ein skal få delta på minst ein organisert aktivitet, uavhengig av økonomien i heimen. Ved å gje born og unge moglegheita til å delta i organisert aktivitet, vil ein kunne styrke inkluderinga samstundes som det er svært positivt for folkehelsa.

Sveio Høgre ynskjer å kjøpa inn to 9-seters bilar, som kan brukast av lag og organisasjonar til å frakta born, unge, eldre og funksjonsnedsette på utflukter og aktivitetar i eller utanføre kommunen. Bilane skal kunna køyrast på vanleg førarkort, og i skule og barnehage si opningstid vil desse ha førsterett på leiga.



5 Kultur, idrett og frivilligheit

Sveio Høgre vil:

- Støtta opp under frivilligheita som samfunnsbyggjar
- Innføra fritidskort slik at born og unge får delta på minst ein organisert aktivitet
- Leggja til rette for gode anlegg, arenaar og møteplassar
- Sikra forutsigbare vilkår for lag og organisasjonar som vil bygga og drifta eigne anlegg
- At kyrkja skal ha ei sentral rolle, og at kyrkjene og kyrkjegardane vert haldne godt ved like
- Jobba for å utvikla badeplassar, stiar og friluftsområde
- At tilskot til nærmiljø og sosiale møteplassar i bygdene vert vidareført
- Kjøpa inn to 9-seters bilar som lag og organisasjonar til å frakta born, unge, eldre og funksjonsnedsette på utflukter og aktivitetar i eller utanføre kommunen
- Arbeida for eit nytt basseng som sikrar gode eigar- og driftsmodellar innanfor kommunen sin økonomiske bereevne
- Arbeida med å realisera prosjektet «Nyskapande aktivitetsanlegg»




6 Næringsutvikling

Sveio kommune skal vera ein «JA-kommune» som ser moglegheiter i staden for utfordringar i møte med nye idéar. Eit moderne og framtidsretta samfunn er tufta på ein positiv kommune som er løysingsorientert i møte med innbyggjarar og næringsliv. Sveio kommune skal vera i front for tilrettelegging av nye, varige arbeidsplassar og skal vera ein positiv samarbeidspartnar for næringslivet. Dette krev at kommunen blant anna er ein god rettleiar og tilretteleggjar for gode næringsareal.

Solide bedrifter skapar trygge arbeidsplassar, inntekter til det offentlege og støttar opp om aktivitetar og tilbod i nærområdet. Sveio Høgre skal vera på lag med næringslivet.

Me ynskjer å tilby både nye og etablerte verksemdar best mogleg rettleiing og hjelp til korleis dei best kan lykkast. Sveio Høgre ynskjer difor å få på plass næringsutviklar i kommunen, som kan vera ein viktig resurs med næringsarbeidet.



6 Næringsutvikling

Sveio Høgre vil:

- Sikra at Sveio er ein JA-kommune som forenkler og betrar kvardagen for lokalt næringsliv og innbyggjarar. Det å venda seg til kommunen, uansett etat, skal verte oppfatta som ei positiv oppleving.
- Sikra god rettleiing ved å få på plass næringsutviklar i kommunen
- Bevara eit berekraftig og konkurransedyktig landbruk i heile kommunen, og legge til rette for fornuftig bruk av naturressursane
- Sikra næringslivet tilgang til arbeidskraft ved å gjere kommunen attraktiv for innbyggjarar og tilflyttarar
- Gjera søknadar meir forståelege, og forenkla og standardisera søknadsprosessar
- Prioritera førehandssamtalar med dei som ynskjer det i forkant av søknadsprosess
- At kommunen skal nytta klart og enkelt språk i kommunikasjonen
- Gjennomføra brukarundersøkingar for å gjere det enklare for innbyggjarane og bedrifter å seie ifrå om positive og negative erfaringar
- Ha tettare oppfølging av alle pågåande regulering- og kommuneplanar for å sikra framdrift, samt ha gode prosessar som sikrar areal og infrastruktur
- Arbeida for plassering av eit regionalt avfallssorteringsanlegg i kommunen
- Saman med Sunnhordlandsrådet ynskjer me å greia ut moglegheitene for modulert kjernekraftverk lokalisert til regionen



7 Kima og miljø

Sveio har vakker natur og gode føresetnader for friluftsliv og rekreasjon. Spesielt viktig er det å gi tilgang til sjø og vatn. Sveio Høgre meiner at kommunen må vera ein aktiv deltakar i det interkommunale friluftsrådet som har tilsyn med badestrender og fellesareal. Me meiner likevel at privat eigedomsrett er det som best sikrar ei forsvarleg forvaltning av naturområda. Private grunneigarar har personleg interesse av å halda eigedommen sin i hevd slik at han kan overlatast til framtidige generasjonar i minst like god stand som han var opphaveleg.

Sveio Høgre ynskjer at kommunen sitt høve til å gje dispensasjon frå byggjeforbod i strandsona skal mjukast opp, slik at me kan halda på ei viss grad av lokalstyring på utviklinga av Sveio. Me ynskjer framleis òg å arbeida for eit differensiert regelverk på dette området – slik at det vert skilnad på ei byggjesak i Oslofjorden og Ålfjorden.

Innbyggjarane treng båt plass på ein annan måte enn før. Det er ikkje lenger naudsynt for alle å ha naust og opptrekk for færingen, det kan vera tilstrekkeleg med båt plass og ei bu for krabbeteina. Difor ønskjer Sveio Høgre å leggja til rette meir areal til båthamner med båt opptrekk inkl. servicebygg og buer, på denne måta leggja til rette for at båtforeiningar og private utbyggjarar kan koma med slike tilbod. På denne måten kan sveibuen få båt plass og ei bu til fiskeutstyr - utan å byggja ned større delar av strandlinja enn nødvendig. Det skal også vera område der ein tillèt bygging av naust og fritidsbustadar til sjø fleire stader i Sveio.

Heile verda står framfor ei omstilling, der alle må jobba saman om å få ned både klimautsleppa og miljøutsleppa. Kommunen kan gjere tiltak lokalt for å bidra til dette.

Sveio vert stadig meir tilgrodd av tre, buskar og kratt. Dette skjer raskt, hindrar utsikt og endrar landskapet. Sveio Høgre ynskjer at kommunen skal samarbeida med bygdelag og andre lag rundt om i krinsane for å halda tilgroinga i sjakk. I tillegg ynskjer me å stimulera landbruket til auka innsats på beiting i utmark gjennom dyrehold.

7 Klima og miljø

Sveio Høgre vil:

- Auka tilrettelegging av areal for båthamner og servicebygg: Båtplass til alle sveibuar!
- At båthamner skal kunna lagast utan krav til reguleringsplan
- Auka innsatsen for å hindra gjengroing av Sveio, til dømes via støtte til løysingar for elektronisk inngjerding
- Sikra tilstrekkeleg tilgang til båtopptrekk/sjøsetting
- Gjera søknadar meir forståelege, og forenkla og standardisere søknadsprosessar
- Velja klimavennlege løysingar i framtidige byggeprosjekt
- Velja klima- og miljøvennlege produkt og løysingar der dette er tilgjengeleg og forsvarleg
- Forsetja å vera ein pådrivar for å finna kostnadseffektive løysingar som gjer at dei kommunale gebyra vert konkurransedyktige sett opp mot nærliggande kommunar



“Sveio skal vera ein attraktiv kommune, både for deg som innbyggjar, og dei som driv næring her. Eg ynskjer å utvikla Sveio til å bli ein endå betre kommune, og for å få dette til meiner eg at me skal våga å vera litt annleis.

Eg vil difor jobba for mellom anna store tomter, at ein skal kunne bygge spreidd, at born og unge skal få fritidskort, og at me skal tilby sambuargaranti i eldreomsorga. Om du er enig bør du stemma Høgre!”

André Mundal Haukås
Ordførarkandidat

Hugs å røysta Høgre i fylkestingsvalet!

“Det betyr noko kven som styrer i fylket. Difor er fylkestingsvalet òg eit viktig val. Høgre vil gi større løyvingar til skulene, sikre kvalitet i opplæringa og valfridom for elevane våre. Me vil ha ei massiv satsing på vedlikehald og rassikring av fylkesvegane i Vestland. I tillegg må Vestland vera eit JA-fylke. Me skal ikkje vera ein overkommune - me skal støtta opp om lokale initiativ og spela på lag med næringslivet, innbyggjarane, og kommunane i fylket vårt. Om du er samd i dette, må du hugså å røyste Høgre i fylkestingsvalet i år”

Silja Ekeland Bjørkly
Fylkesordførarkandidat





André Mundal Haukås Ordførarkandidat



2. John Kristian
Økland



3. Grethe Lier Alne



4. Carl Enoksen



5. Mikal Møller
Hovda




6. Anne Lene
Brueland



7. Svein Olaf Bua



8. Andreas
Bårtvedt



9. Kåre Ekrene



10. Erling
Eriksen jr.



11. Håkon Eriksen



12. Janne Elise
Fludal



13. Robert Fludal



14. Torbjørn Føyen



15. Geir Terje
Hamre



16. Lars Einar
Hollund



17. Lars Oddvin
Hovda



18. Lars Petter Lie



19. Håkon Sveen
Lothe



20. Olav Magne
Olsen



21. Kristin
Robberstad



22. Helge Sveen



23. Line Våga



24. Tuva N. Økland

